



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2003/3127-124	Doknr.:
Mottatt: 21 DES 2004	ASR/SUR
Saksbeh.: FLA	Ark.: 440
Kopi:	Avskr.:

Til aktuelle mottakarar

Dykkar ref.:

Vår ref.:
Arkivnr.:

Dato: 15.12.04

MELDING OM VEDTAK FRÅ ROGALAND FYLKESLANDBRUKSSTYRE

Vedlagt følger utskrift av sak nr. (60) 2004 frå Rogaland fylkeslandbruksstyre.

Med helsing
Fylkesmannen i Rogaland
Landbruksavdelinga

Torhild Skjivik

Vedlegg: utskrift av vedtak

Saksbehandlar: Kirsten Smedvig, 51 56 89 76
kirsten.smedvig@fmro.no

Postadresse
Postboks 59
Sentrum
4001 Stavanger

Besøksadresse
Statens Hus
Lagårdsvn. 78
Stavanger


Sentralbord
Telefon: 51 56 87 00
Telefaks: 51 56 88 11

E-post
Postmottak@fm-ro.stat.no

Landbruksavdelinga
Lagårdsveien 80
Postboks 59 Sentrum
4001 Stavanger

Telefon: 51 56 89 40
Telefaks: 51 56 88 11

MØTEBOK



Fylkeslandbruksstyret i Rogaland.

Møtedato: 09/12/2004

Saklistenr: 60

Saknummer: 119904 10044 DIV

Saksnr. arkiv:2003/20058

ROGALAND FYLKESLANDBRUKSSTYRE I MØTE DEN 9. DESEMBER 2004

HØYRINGSUTTALE – NOU 2003:26 – OM ODELS- OG ÅSETESRETTE

- sjå NOU 2003:26 på internettadr.: <http://odin.dep.no> og dessutan tilsende "lovspeil"

Fylkesmannen i Rogaland syner til odelslovutvalets framlegg til endringar av gjeldande odelslov av 1974.

Landbruksforvaltninga i Rogaland har lenge sett mange av dei negative følgjene av reglane i odelslova. Vi vil såleis først kommentere lovutvalet sine synspunkt kva gjeld dette hovudspørsmålet, for deretter å vurdere dei einstilte endringsforslaga.

Bør odelsloven/odelsinstituttet fjernast?

Lovutvalets fleirtal har konkludert med at vi framleis bør ha lovreglar om odelsrett.

Følgjande moment kan etter utvalets og vår oppfatning tale for oppretthalding av odelslova:


- betre landbruksdrift med familietilknytning til eigedomen
- bidrar til likestilling mellom kjønna
- hindrar konflikt mellom søsken
- klargjerande med omsyn til overtaking og utdanning
- viktig del av vår kulturarv
- lokalt knytt eigarskap sikrar busettinga

Mot oppretthalding går:

- lettare omsetning av landbrukseigedom
- landbruket treng dei mest interesserte, uavhengig av familiebakgrunn
- sikre engasjement og investeringsvilje
- odelsretten kime til mange familiekonfliktar
- ofte den yngste som tek størst del i landbruksdrifta
- ikkje særlege grunnar slik førerett

Lovutvalets mindretal har også halde fram at bu- og drivepliktsreglane og andre samfunnsinteresser kan ivarekast gjennom konsesjonslovreglar. Vidare blir det halde

fram at det vanskeleg kan førast bevis for dei samfunnsmessig gunstige verknader 000434
odelsinstituttet måtte ha for landbruket.



Odelsretten har lange tradisjonar i det norske samfunnet. Alt i landskapslovene (Gulatingslova, Frostatingslova osv.) var det reglar om førerrett for slekta til overtaking av jordeigedom. I Grunnlova er det tatt inn ein særregel om at odelsretten ikkje må opphevast. Den førre odelslova var frå 1821 og blei avløyst av den gjeldande odelslova i 1975. Odelsretten har verka til å sikre ein sjølveigande bondestand og verna slekta sine interesser i jordeigedom framfor andre. Dette har sjølvstundt vore viktig i tider der jord og eigedom var det viktigaste grunnlaget for livsopphald. Odelsretten har i størstedelen av si tid verka i eit samfunn med naturalhushald og sjølvbergingsjordbruk.


I dag er det norske landbruket ei vareproduserande næring under stort press frå endringar i marknadsforhold og rammevilkår. Aukande krav til rasjonalisering og effektivisering, og konkurranse frå produksjonsområde med lågare lønnsnivå, stiller store krav til profesjonalisering av næringsutøvarane. Dei som skal utvikle lønnsame verksemder i landbruket, og få eit høveleg arbeidsvederlag i gardsdrifta, må ha høg kompetanse og stor interesse for dei særlege utfordringane biologisk vareproduksjon byr på. Krava til høg produktkvalitet, velferd for dyra, omsyn til miljøet og tilhøvet til andre bruksinteresser i kultur- og naturlandskapet blir forsterka. På same tid blir marginane pressa og konkurransen hardare.

Utvikling av eit framtidslanndbruk som kan vere ei lønnsam næring og god forvaltar av arealgrunnlaget for samfunnet krev profesjonelle og interesserte utøvarar. I svært mange tilfelle vil ei rekruttering innafor familien, og i tråd med odelstradisjonane, sikre at også neste generasjon på garden har den interessa og det engasjementet som skal til. Men vi ser dessverre at det i mange situasjonar ikkje er slik. Tida då det å få overta ein gard var den beste og sikraste vegen til livsopphald og velstand er over. Ungdom – også dei som er eldst på ein gard – har høve til å velje utdanning og yrke i mange bransjar. Ut frå både eit samfunnsmessig og eit individuelt perspektiv må det vere ynskjeleg at yrkesvalet skjer etter interesser og evner.

Både i og utanfor landbruket vil det vere ungdom som har særleg interesse for og særlege evner til å drive profesjonelt landbruk. For utviklinga i landbruket er det viktig at desse har høve til å kome inn i næringa. Odelslova og odelstradisjonen kan hindre at interessert ungdom som ikkje har best odelsrett, eller ikkje har odelsrett i det heile, kan bli bønder, medan det i mange tilfelle er personar utan særleg interesse eller kompetanse som overtar garden ut frå den odelsrettslege stillinga.

Omsynet til utviklinga av landbruket i ei tid med sterkare konkurranse i matmarknaden og behov for effektivisering og profesjonalisering av næringsutøvarane kan tale for at odelsretten blir avvikla og at rekrutteringa til landbruket blir basert på interesser og kompetanse. Noverande eigar vil som hovudregel – også uavhengig av odelsretten - overdra eigedommen til ein person som han meiner vil føre verksemda vidare og vil på line med eigarar av verksemder i andre bransjar vere i stand til å ta avgjerd om kven som bør drive garden vidare.

På den andre sida kan mange av dei negative sidene ved lova avbøtast ved ei klargjering av lova og sterkare avgrensing av odelsretten. Samfunnsutviklinga har i seinare tid gått i retning av ei likestilling av landbruket og anna verksemd. Behovet for eit særleg vern av jordbruksareala kan tale for å vidareføre odelsreglane, som lovutvalets mindretal har peika på. Ein kan heller ikkje sjå bort frå den forankring odelsretten har i folket.



Fylkesmannen vil etter dette kommentere hovedpunktene i lovendringsframlegget.

§ 1:

Behovet for ei klar avgrensning og auking av arealkrava for odlings- og odelsjord har synt seg åpenbart. Endringa av konsesjonslova har forsterka dette. Etter vår vurdering er det vesentleg å få fjerne den usikkerheit, som etter kvart har synt seg – ved tolking av kravet om "kan nyttast til landbruksdrift". Vi legg til grunn at det ikkje blir etablert eit tilsvarende konfliktspotensiale ved framlegget om innføring av omgrepet "landbrukseigedom". Dette omgrepet bør knytast opp til gjeldande arealplansituasjon – eit objektivt kriterium – ikkje noko anna.

§ 2:

Om ein først skal oppretthalde odelsloven, er vi noko usikre på om arealkrava bør setjast som gjort av fleirtalet i utvalet : 50 dekar jordbruksareal eller 1000 dekar skog med mellomløysingar eller mindretalets framlegg om 30 dekar jordbruksareal eller 500 dekar skog. Det gjer seg gjeldande omsyn i både retningar. Etter vårt skjønn vil både løysingar ha den uheldige konsekvens at ein eigedom vil kunne vere odelseigedom sjølv om den ville kunne seljast konsesjonsfritt på grunnlag av at eigedomen er mindre enn 100 dekar og heller ikkje har 20 dekar dyrka jord. Behovet for ei betre samordning mellom desse to lovene er etter vårt syn til stades. Konsesjonslova burde nytta same omgrepet som odelslova: jordbruksareal- alternativt "dyrka jord" i både. Landbruksavdelinga er såleis ikkje nøgd med korkje fleirtalsframlegget eller mindretalet sitt framlegg.

Fleirtalsframlegget vil for Rogalands vedkomande føre til at svært få skogeigedomar blir odelseigedom. Vidare blir svært mange av gardsbruka i Ryfylke utan odelsrett.

Også med omsyn til likestilling bør ikkje arealkrava setjast for høgt om lova skal oppretthaldast. Statistikken syner at det er særleg dei mindre eigedomane som blir tatt over av jenter.

Avgjerande for kva arealkrav som bør setjast er intensjonen med å halde på odelslova. Som peika på ovanfor har odelslova positive verknader, og på dette grunnlag vil vi tilrå ei arealgrense ikkje over den sett av mindretalet i lovutvalet – kanskje heller lengre ned, og harmonisert med arealgrensa i konsesjonslova.

Fylkesmannen vil også peike på at framlegget til siste setning i § 2 synast noko overflødig. Slike små teigar kan neppe utgjere eit særleg praktisk problem, og bør kunne utelatast for forenklingas skuld.


§ 8 – odelskrinsen:

Fylkesmannen vil tilrå at odelsretten blir avgrensa til etterkomarane til odlaren og dersom nokon av foreldra har ått eigedomen med odel.

Til § 20 i odelslova:

Ordlyden synast svært tung og vanskeleg å forstå – og regelen vil kunne utløyse nye tvistespørsmål etter vårt skjønn. Den som skal ta avgjerd i spørsmålet vil kunne ha behov for vurdering av alternativt tilleggsarbeid på ny plass, lånebehov – driftsform osv. osv. Fristen på berre 2 månader synast og vel kort for vurdering av eit så viktig spørsmål – om

loven skal oppretthaldast er det etter vår vurdering nødvendig med dagens 6 måneders frist.



Til § 21- "rimelighetsregelen"

Vi har merka oss at lovutvalet vil utvide retten til også å gjelde dei utan odelsrett. Ut frå den restriktive rettspraksis til dags dato kva gjeld dei med odelsrett, har vi ikkje merknader til at ein i heilt spesielle saker vil kunne nekte odelsløyising også i høve til dei utan odelsrett. Det vil venteleg kome til å dreie seg om ekstreme tilfelle i praksis.

Kapittel 8 - odelsfrigjering:

Fylkesmannen ser positivt på dei endringar/tilpassingar utvalet har gjort i høve til anna endra lovverk og dagens praksis kva gjeld odelsfrigjeringssaker.

Til § 40- preskripsjonsfristen:

Vi ser positivt på at dagens 2. ledd - med særregel ved "friviljug avhending" - er føreslått opphevd. Sjølve fristen er føreslått nedsett frå i dag eitt år til 6 månader. Fylkesmannen er samd i framlegget.

Bu- og drivepliktsreglane:

Vi sluttar oss til dei vurderingar, som prof. Falkanger m.fl. har gjort kva gjeld 10-års-regelen ved odelsløyising. Denne bør av fleire årsaker gå ut, slik at ein får ein sams regel om 5 års bu- og driveplikt uavhengig av overtakingssituasjon, og jamstilt med reglane i konsesjonslova. Etter vår vurdering er det av vesentleg interesse å få forenkla odelslova, og vi sluttar oss difor også til framlegget om endring av § 27 - til berre å gje ei tilvising til reglane i konsesjonslova kva gjeld regelverket om oppfylling m.m. av bu- og driveplikta.

Avslutningsvis vil vi peike på utvalet sitt framlegg til jamstilling kva gjeld "ekteskapsliknande sambuarforhold" - §§ 34 flg. Slike uttrykk bør definerast nærare for å unngå tvistesituasjonar.

Saka blir lagt fram for Fylkeslandbruksstyret utan tilråding.

Stavanger, den 21/12/2004

Jon Ola Systad
landbruksdirektør

Kirsten Smedvig
juridisk konsulent


Saksbehandlar: Kirsten Smedvig Tlf. 51 56 89 76 E-post: kirsten.smedvig@fmro.no

AVRØYSTING I FYLKESLANDBRUKSSTYRET:

Framlegg frå styremedlem Alf Henning Heggheim:

Rogaland fylkeslandbruksstyre slutta seg til innstillinga frå Fylkesmannen i Rogaland.

**FRAMLEGG FRÅ ALF HENNING HEGGHEIM BLEI SAMRØYSTES VEDTATT
(7-0)**



RETT UTSKRIFT:

Torhild Skeivik

Fylkesmannen i Rogaland
Landbruksavdelinga

Kopi sendt til:

EVENTUELLE SPØRSMÅL BØR
RETTAST TIL SAKSBEHANDLAREN

postmottak@ld.dep.no

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Stavanger, den 15/12 2004

Sign. Kommune:.....

Sign. Fylke:.....